

Årdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
051/19	Formannskapet	06.06.2019

Sakshandsamar: Knut Fredrik Øi Arkiv: K2 - K40 Arkivsaksnr. 19/4 - 19/6260

Søknad om godkjenning av bestandsplan for hjort, elg og rådyr i Årdal kommune - 2019-2021

Saka gjeld

Med bakgrunn i årsmøtevedtak i Årdal bestandsplanområde, søker styret Årdal kommune om godkjenning av bestandsplan for hjort, elg og rådyr. Planen omtalar status for bestandene, samt ønska tildeling og felling i perioden 2019-2021, altså 3 år. Styret søker også om fritak på fellingsavgift på hjortekalv og støtte til årleg drift på 25 000 kr.

Bakgrunn

I 2016 vart Årdal bestandsplanområde for hjort etablert. Dette er eit forum for samarbeid og forvaltning på grunneigarsida. Samtlege hjortevald i kommunen er medlemmer i bestandsplanområdet, noko som truleg er utan sidestykke på vestlandet. Fyrste planperiode med denne modellen var 2016-2018. Erfaringane med ordninga er, etter sakshandsamars syn, at samarbeidet og profesjonaliteten i arbeidet med viltforvaltning i kommunen har vorte mykje betre. Det er etablerte målsetjingar for planperioden, og forvaltninga vert årleg evaluert etter tilgjengelege parametre. Forvaltninga har på denne måten vorte meir dynamisk og forutsigbar og med større medverknad frå grunneigarsida.

Nytt av året er at planen også omhandlar førekomst og forvaltningsmål for artane elg og rådyr. Tildeling av fellingsløyve på elg, tal løyve og fordeling på kjønn og alder, har fram til no vore henta frå forvaltningsplanen for hjortevilt i ÅLA, av 2011. I denne planen har det vore lite oppdateringar og dynamikk. Ved å innarbeida også forvaltningsmål for elg og rådyr i eit regime som vert rullert etter endt planperiode, vil omsynet til endringar i førekomst og målsetjingar lettare kunne justerast løpande. Dette er etter sakshandsamars syn positivt. Felling av elg må likevel seiast å vera av mindre praktisk betydning i Årdal, då det årleg fellast nokre få elgar. For dei områda kor elgjakt er aktuelt, er likevel det å ha ei så kunnskapsbasert og målretta elgforvaltning som mogleg, viktig. Det har ikkje vore opna for rådyrjakt i Årdal. Ei forskriftsendring med mål om opning for rådyrjakt er til handsaming i Formannskapet og Kommunestyret no, i sak 19/299-3. Delen i omsøkt plan som omhandlar rådyr er då naturlegvis berre aktuell om det vert vedteke å opna for rådyrjakt i kommunen.

Ei sentral og premissgjevande sak i høve hjorteviltforvaltning i områda kring Nordfjella, er påvisninga av skrantesjuka på villrein i Nordfjella sone 1. Som eit lekk i arbeidet med å forhindra spreiding av sjukdommen er alle kommunar i Nordfjella-regionen (15 kommunar,

mellom Anna Årdal) oppmoda av Miljødirektoratet om å halvera bestandane av hjort og elg i høve situasjonen i 2016. Grunngevinga for dette er tredelt; 1) For å få fleire prøvar av hjort/elg for å finna ut av om hjort/elg er smitta, 2) For å redusera sjansen for at hjort/elg vert smitta av sjukdommen frå miljøet i sone 1, 3) For å redusera sjansen/tempoet for å spreia smitte om bestandane allereie er smitta. Tiltaket er meint som midlertidig og gjeldande i det som kallast brakkleggingsperioden i Nordfjella. I praksis er dette minimum 5 år etter saneringa i sone 1, altså til våren 2023. NINA (Norsk institutt for naturforskning) har fått i oppdrag frå Miljødirektoratet å gjera eit forsøk på å kvantifisera bestandane og talfesta kva slags avskytning som er naudsynt for å nå måla om halvering. Dette arbeidet gjerast ferdig i slutten av mai månad 2019. Brevet med oppmodning om halvering av bestandane kom til kommunane rett før årsmøtet i Årdal bestandsplanområde. Arbeidet med bestandsplan var difor mest ferdig og hadde vore gjennomført i samarbeid med innleigd hjelp frå Norsk Hjortesenter. Modellverktøyet som NINA har jobba med for kvantifisering kom også som eit utkast samstundes med at årsmøtet skulle fatte vedtak om planen. Difor må me akseptera at ikkje alt er ajourført og justert i planen etter dei siste opplysningane. Dette vert diskutert under punktet som gjeld hjort i drøftinga.

Drøfting

Drøftinga vert i det følgjande delt opp etter art; fyrst elg, so rådyr og til slutt hjort.

Elg

Fram til no har Forvaltningsplan for hjortevilt i ÅLA, av 2011, lagt føringane for tildeling av elgløyve i kommunen. Elgvalda i Årdal er ikkje organisert som bestandsplanområde, så det vil framleis verta gjeve ut løyve spesifisert på kjønn og alder til dei ulike valda. I forvaltningsplanen leggast det til grunn eit minsteareal på 10 000 daa pr fellingsløyve på elg. Fordelinga på elgløyva er slik: kalv 30%, ku 35% og okse 35% (både for ku og okse er det ikkje differensiert på alder). I omsøkt plan vert det også lagt opp til eit minsteareal på 10 000 daa pr fellingsløyve på elg. Planlagt avskytningmodell legg opp til 50% kalv og 50% 1,5 åringar. Altså ikkje felling av vaksne dyr i det heile. I og med at elgforvaltninga ikkje er organisert som bestandsplanområde, må kommunen dela ut fellingsløyve spesifisert på kjønn og alder. Om grunneigarane ønskjer å fella ungdyr framfor vaksne, lyt dei verta einige om dette internt, noko som også er intensjonen bak planen for elg. Sakshandsamar ser det difor som føremålsteneleg å at kommunen tildeler elgløyva etter følgjande modell i den omsøkte planperioden: kalv 50%, ku 25% og okse 25%. Det vert normalt delt ut 12 fellingsløyve på elg i året i Årdal.

Oppmodinga frå Miljødirektoratet om reduksjon i høve skrantesjuka gjeld også elg i Årdal kommune. Tal fellingar, og bestandsstorleik som sådan, er liten i Årdal. Me vil oppmoda til bruka ein større del av kvota under elgjakta i brakkleggingsperioden, slik at endring i planlagt avskytningmodell ikkje fører til vekst i bestanden. I 2018 vart det kun felt ein elg i Årdal kommune. Dei føregåande åra har det vorte felt i snitt 3 elgar.

Rådyr

Det har ikkje vore jakt på rådyr i Årdal før. Opning for rådyrjakt er ei forskriftsendring, og vert handsama i eige sak. Opning for rådyrjakt er difor ei forutsetjing for dette i det heile. Det er foreslege eit minsteareal på 7 500 daa pr fellingsløyve. Om alle aktuelle områder søker og får godkjente vald, vil dette utløysa 16 fellingsløyve. I omsøkt plan vert det skissert eit uttak med fordeling slik: 30 % bukk, 20 % geit og 50 % killing. Tildeling av fellingsløyve frå kommunen kan berre delast ut som frie løyve, altså ikkje spesifisert på kjønn og alder. Valda som får tildelt fellingsløyve på rådyr frå kommunen, må difor forhalda seg til bestandsplanen

for å bestemma kva for rådyr som skal fellast.

Kommunen ser det som føremålsteneleg at styret i Årdal bestandsplanområde lager til eit regime for innsamling av data på rådyrobservasjonar under jakt. På denne måten vil kunnskapsgrunnlaget for forvaltninga verta auka i løpet av planperioden.

Hjort

I tråd med oppmodninga frå Miljødirektoratet bør Årdal kommune no ha som mål å halvera hjortestamma i høve tettleiken i 2016. Tidsperspektivet vurderast slik at det er viktig å treffe tiltak kjapt for å redusera bestandane av hjortevilt. Førre bestandsplan for hjort i Årdal var for perioden 2016-2018. Ny plan er tenkt å gjelda frå 2019-2021. Det er i denne perioden at reduksjonen fortrinnsvis bør skje. I førre planperiode vart avskytinga planlagt auka monaleg, med mål om å stabilisera stamma. Avskytinga vart auka med om lag 40%, noko som var eit direkte resultat av gode prosesser og dialogar mellom kommune og jaktrettshavarane. I tillegg hadde Indre Sogn ein tøff vinter 2017/18 som truleg bidrog med høg tilleggsdødelegheit. Oppfatninga lokalt er at hjortestamme i Årdal allereie er redusert ein god del i høve 2016-nivået. Me kjenner oss ikkje att i tala frå NINA sin modell, sjølv om det er lokale variasjonar innad i kommunen. Å måla storleiken på ville bestandar er krevjande. Me har heldigvis eit godt etablert system med innrapportering av dyreobservasjonar gjennom jakttida («sett-hjort»). Og det er i Årdal eit godt etablert samarbeidsregime som vil kunne endra på avskytinga utan at det krevjer mykje byråkrati, alt innafor gjeldande bestandsplan. Årdal bestandsplanområde søker no om ein bestandsplan for hjort med ei ytterlegare auke i kvotetildelinga på 20%. Dette kjem i tillegg til den auka som bidrog til 40% auke i felling i førre planperiode. Viss me legg til grunn ein allereie redusert hjortestamme, så vil truleg ein ytterlegare auke i kvotetildelinga gjera at reduksjonen ikkje skal verta hindra av løyvetildelinga. Ytterlegare auke i felling og ditto bestandsreduksjon vil truleg mest handla om å motivera og forklara jaktrettshavarane at eit høgt jakttrykk er naudsynt. Planen tek også inn over seg dei strukturelle utfordringane i hjortestamma. I Årdal, som dei fleste andre kommunar, ser ein ei utvikling i retning av at det vert færre bukkar i tillegg til at me ser omrisset av at bestanden vert yngre. Avskytningsmodellen som er skissert er tenkt å betre desse forholda, noko som er isolert sett er bra. Den praktiske utfordringa ved å leggja meir av avskytinga på kalvar og ungdyr, er at det vert vanskelegare å fella nok dyr. Dette kan i verste fall føre til eit lågare fellingsresultat, med tilsvarande lågt tempo på bestandsreduksjonen. Den negative utviklinga i kjønnsforholdet kolle/bukk kan betrast ved å ha eit høgare jakttrykk på koller i åra som kjem. Dette har også relativt stor effekt på bestandens reproduksjonspotensiale, som igjen er effektivt når bestanden skal reduserast. Sakshandsamar vurderer situasjonen slik at om me skal lukkast med bestandsreduksjon så er nøkkelen eit tett og dynamisk forhold til grunneigarsida. Det vil vera vanskeleg å laga ein plan som dekkjer alle eventualiter. Sakshandsamar vil leggja opp til eit regime med fleire møter med styret gjennom jakta for fortløpande å vurdere situasjonen i høve felling av dyr og inntrykket av bestandsuvikling. Om me ser at avskytinga er for låg i høve målet, lyt me vurdera tiltak. Ein moglegheit er å organisera ein rein forvaltningsjakt i januar om me ikkje kjem i mål i normal jakttid (til 23. desember). Dette må vurderast i tett dialog med jaktrettshavarane. Likeeins må me vurdera om det er ting som kan gjerast for å få ordninga med samjakt mellom vald til å fungera betre. Det vil alltid vera slik at i nokre vald så er det tilhøve som gjer at det uansett ikkje vert felt fleire dyr. Då kan det å flytta på løyve innad i driftsplanområdet vera effektivt. Dette har i førre planperiode vore lite brukt, og potensialet for meir bruk burde vera til stades.

I omsøkt plan vert det søkt om 268 fellingsløyve på hjort årleg i 3 år, totalt 800 fellingsløyve. Når valda er organisert i eit bestandsplanområde er det høve til å flytta fellingsløyve mellom år. Når det nå planleggjast bestandsreduksjon vil det vera fornuftig at valda planleggjar å nytta

ein større andel av løyva tidleg i planperioden. Dette er ein moglegheit som i liten grad har vorte nytta før. For å få dette effektuert no er det naudsynt med god og mykje informasjon om at dette faktisk er mogleg og ønskjeleg. Igjen er det dialogen og samarbeidet som vil vera avgjerande.

Sakshandsamar har tro på at spelerommet i omsøkt bestandsplan gir dei moglegheitene som er naudsynt for å nå målet om ei halvering av hjortestamma i Årdal. Men om me faktisk skal klare dette er me fullstendig avhengige av å spela på lag og tenka på kva som trengs av tiltak. Sakshandsamar vil jobba for at helikopterordninga som vart nytta i Lærdal og Aurland i 2017 og 2018 også vert tilgjengeleg for jegerar i Årdal i åra som kjem. Ved eit høgt uttak vil det truleg også vera naudsynt for jegerane å kunna levera slakt til eit kjøtmottak. Ordninga på Håbakken i Lærdal er operativ også i 2019. Informasjon og stimulering til at dette vert nytta er truleg viktig for nokre område.

Vurdering etter Naturmangfoldlova (NML) §§ 8-12.

Jamfør NML §7 så skal NML §§8-12 vurderast i saker som omhandlar naturgrunnlaget. Kunnskapsgrunnlaget, jf. NML § 8 vurderast i saka om ny bestandsplan for hjortevilt i Årdal som etter forholdene god. Grunnlaget for rådyrjakt vert vurdert særskild i eiga sak om opning av jakt på arten (sak 19/299-3). Det vil alltid vera hull i kunnskapsgrunnlaget når det gjeld ville bestandar. Sakshandsamar vurderer det likevel til å vera tilstrekkeleg kunnskap til å tilrå at søknaden vert godkjent. Innsamling av data har vorte mykje betre i Årdal kommune dei siste åra, og me ser no nytta av akkurat desse dataa. Dei etablerte systema for datainnsamling vil vera sentrale i åra framover for å vurdere effektane av tiltaka og forhåpentlegvis vil me kunne måla bestandsreduksjonen med våre eigne data. I den grad det er manglande oversikt over bestandsstorleik, er omsynet til dei moglege konsekvensane av spreining av skrantesjuke viktige. Det vil i tida framover vera betre å redusera bestandane av hjortevilt kring Nordfjella litt for mykje enn litt for lite. Førre-var-prinsippet, jf. NML §9, vurderast difor som mindre relevant. Sjølv om bestandsplanen for hjortevilt er 3-årig, vert det gjort evalueringar årleg. Om det er trong for justering av planen vil denne takast opp til ny vurdering.

Når det gjeld økosystemtilnærming og samlet belastning, jf. NML § 10, vurderast tilhøva slik at for hjort som art har det vore stor vekst i alle bestandane på vestlandet i mange 10-år. Ein halvering av 2016-nivå vil uansett ikkje setta hjortebestanden i Årdal meir attende enn til om lag år 2000. Konsekvensane for økosystemet ved ei spreining av skrantesjuke vil potensielt vera mykje større. Ein redusert hjortebestand vil truleg også føra med seg eit lågare tal påkøyringar av hjort, samt moglegvis også ein betring i kondisjonen til dyr.

NML §§ 11 (kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver) og 12 (miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder) vurderast som lite relevante i denne saka.

Økonomi

Årdal bestandsplanområde søker om å fjerna fellingsavgifta på hjortekalv. Dette som eit insentiv til å stimulera til auka uttak av kalv. Fellingsavgifta på kalv er per i dag 220 kr. Saldo på viltfondet i Årdal er pr 31.12.2018 om lag 200 000,-. Inntektene på viltfondet er forventa auka i og med at fellingstalet skal aukast. Utgiftene frå viltfondet, som primært er kostnadar knytt til ettersøk av trafikkskadd vilt, vil truleg reduserast i takt med ein redusert hjortebestand. Alt i alt har viltfondet god økonomi. Kostnadane ved fjerning av fellingsavgift på kalv vurderast lågare enn fordelene ved å stimulera til auka uttak av kalv.

Årdal bestandsplanområde har årleg fått 25 000 kr i støtte frå viltfondet til drift. Dette har fungert godt i førre planperiode og stimulerer til auka profesjonalitet i arbeidet. Styret har då også økonomi til å leiga inn ekstern hjelp når det er trong for dette. Årdal bestandsplanområde ønskjer også støtte på 25 000 kr årleg i omsøkt planperiode. Dette ein av hovudføremåla med viltfondet, jamfør *Årdal kommune – retningsliner for bruk av viltfondet*. Økonomisk status på viltfondet tilseier at det er god dekning til dette.

Tilråding:

- I medhald av *Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 15* godkjenner Årdal kommune omsøkt bestandsplan for *hjort* i Årdal kommune. Planen vert lagt til grunn for tildeling av fellingsløyve på hjort i Årdal kommune. Omsøkt plan for tildeling og avskytning av *rådyr og elg* i Årdal kommune vert lagt til grunn for årlege tildelingar av fellingsløyve på rådyr og elg.
- Fellingsavgifta på hjortekalv vert sett til null. Dette spelast inn i budsettarbeidet og vil tidlegast verta gjeldande frå jakta 2020.
- Støtte frå viltfondet til drift av Årdal bestandsplanområde: I medhald av *Årdal kommune - retningsliner for bruk av viltfondet punkt 3*, løyver Årdal kommune støtte til Årdal bestandsplanområde på kr 25 000,- årleg i perioden 2019-21. Dette vert utbetalt etter framsyning av godkjent rekneskap.

Vedlegg:

Søknad_Årdal bestandsplanområde_2019-2021_rev_1VM

Vidare arbeid med bestandsreduksjon av hjortevilt i Nordfjella-regionen